

Opningsdag for Mykle Mikrobryggeri.

29.10.2016



Margit Lund Mikkelson i arbeid med brygginga.

I dag, laurdag, er det opningsdag for gardsbryggeriet til Margit og Reinhard Lund Mikkelson øvst i Omvikdalen. På dagtid er det ope i gardsutsalet, og i kveldforflyttar dei seg til Oska her i Uskedalen for å markera dagen med opningsfesten Mykle Mikrobryggeri Tar Over Oska.



Dei 4 første ølsortane frå Mykle

Gardsutsalet vert ope frå kl.12 til 15 og det vert selt 3 ulike typar øl som dei har produsert, Drøsøl, Putlo og Dalsvatnet. Her kan ein få kjøpa seg ei øl, to eller fleire av kvar sort, og for dei som lurar på betalingsmåtar, kan både kontantar, kort og Vipps brukast.

Dei har også produsert ein fjerde ølsort, Sipa. Denne har ein styrke som gjer at den ikkje kan seljast på gardsutsalet, men også den vert presentert på Oska i kveld. Der vert det program med smaking av dei 4 ulike øltypane med kokken Roy Lervåg sine tilpassa munnfullar til. Programmet startar kl.19, og det er for lengst fullteikna til denne delen. Etter programmet vert det fest og nattsuppe, og på den delen vert det opna for litt fleire gjester frå kl.21.

De kan lesa meir om Mykle Mikrobryggeri på [heimesida deira](#).

Tekst og nett: Thor Inge Døssland.

Foto: Frå Mykle Mikrobryggeri si heimeside